



Johnny Slettebakken
Rossland 44
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2967 - 17/24114

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
05.12.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 47/115

Tiltak: Oppføring av tilbygg til bustad
Byggjestad: Gbnr: 47/115
Tiltakshavar: Johnny Slettebakken

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.11.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Slik administrasjonen les teikningane og tilbygget oppgitt i meter, vil det kome i konflikt med oppført garasje på eigedomen. Tilbygget er ikkje teikna inn i korrekt målestokk på situasjonskartet, men slik administrasjonen måler teikningen med opplyste mål, vil tilbygget kome lenger ut enn det som er teikna på situasjonskartet.

Bygningar på eigen grunn grunn kan oppførast med 1 meter avstand mellom bygga når eine bygget er under 50 m², og teknisk forskrift (TEK10) er fulgt når det gjeldt brannprosjektering. Administrasjonen ser av kartet at bygningen/garasjen som er godkjent på gbnr 47/115 er på om lag 48 m². Vidare er det i ettertid av godkjent garasje oppført eit tilbygg til den, som gjer at arealet på garasjen blir over 50 m². Før kommunen kan ta stilling til innsendt søknad, må oppdatert situasjonskart med mål og teikning i riktig målestokk sendast inn.

2. Slik det no er teikna, vil tilbygget kome nærare garasjen enn 1 meter. Tiltaket vil i såfall ikkje kunne godkjennast slik det er omsøkt. Kommunen ber om oppdaterte teikningar.

3. På situasjonsplanet som er innsendt viser ikkje samankobling av tilbygget med eksisterande bustad. Det må sendast oppdaterte teikningar som viser situasjonsplanet slik det skal byggjast.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

4. I søknaden opplyser De at De vil byggje tilbygget etter gjeldande forskrift som gjaldt når bustaden blei oppført (2005). Ved oppføring av nye tiltak/tilbygg gjeldt dagens gjeldande forskrift (TEK10) også for tilbygg. Men det er gjennom Plan- og bygningslova åpna for å søke om fritak frå forskrifta på tilbygg til eksisterande bygg (og vanleg å få), jf pbl § 31-2. Då må du i søknaden opplyse om kva du søker fritak om frå TEK10.

5. I nabovarselet er det oppgitt ein stedfortredar for eine eigaren av gbnr 47/15. Dersom nabovarselet blir underskriven av andre enn den som er oppgitt i matrikkelen, må det sendast med fullmakt som viser at andre enn oppgitt stedfortredar kan skrive under på nabovarsel for denne eigedomen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.1.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Om noko skulle vera uklart, ta gjerne kontakt. Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1 forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Johnny Slettebakken

Rossland 44

5917

ROSSLAND